



Morten Nilsen kjem att i rolla som drivar (Foto: Ola Matti Mathisen)

Morten Nilsen (26) frå Stavanger og Karoline Neset (20) frå Uskedalen skal til sommaren ha hovudansvaret for drifta av Systrene Nilsen (tidlegare Vertshuset). Det opplyser tvillingsystrene Frøydis Nilsen Mathisen og Gunnhild Nilsen Hillestad til uskedalen.no. Dei 4 er nære slektningar (kusinar) og har alltid hatt nær tilknytning til miljøet på Sanden. Systemene kjøpte Vertshuset i fjor saman med faren Geir Harald Nilsen.



Karoline Neset er ny i rolla som drivar (Fotio: Privat)

Morten var vert på Vertshuset også siste sommar og Karoline serverte der. No er reise glade Morten på reise og har for stutt tid sidan vore på toppen av Amerikas høgste fjell Aconcagua. Karoline studerer økonomi i Bergen. - Dei 2 skal drifta huset allereie frå påske saman med fleire flinke ungdommer frå kommunen. 3 til har så langt sagt ja til å jobba i huset. Det kan bli aktuelt å engasjera fleire mendet avheng av besøket, seier Gunnhild.

Ho og syster Frøydis tek også sikte på å ta del i vertshusjobben sjølv til sommaren, i alle fall i eigen ferie. Gunnhild har ellers hatt kontakt med mange uskedelinger som er særst positive til kjøpet og forventningane er store, ikkje minst på bakgrunn av siste sommarsesong..

Då Morten Nilsen stengde dørene slo han fast at sesongen hadde vore ein suksess. Han angra ikkje ein dag på denne satsinga og sa at det måtte bli drift også kommande sommar. Morten var svært godt fornøgd med debuten sinsom vertshushaldar og takksam overfor mange lokale støttespelarar. Han hadde i tillegg til den ordinære opninga suksess med skaldyraften og quiz.

Av Ola Matti Mathisen



Systemene Nilsen er fulle av forventningar (Foto: Privat)